



«Alt kveg bør ut å beite i utmarka», skriv Torbjørn Tufte. Foto: Mariann Tvette

Far min sa ein gong at ein må velje sine kampar

Jordbruksnæringa no må samle seg og velje kva kampar dei vil ta til fulle, og prioritere ned andre, skriv landbruksbloggar Torbjørn Tufte i ukas landbrukslogg.

Torbjørn Tufte

Publisert: 29.02.16 15:17 | Oppdatert: 29.02.16 15:40

NATIONEN

Eg trur alle vert litt melankolske av Beatlessongen Let it be. Og det er litt melankolske tider i jordbruket.

«When I find myself in times of trouble, Mother Mary comes to me.
Speaking word of Wisdom – let it be» syng Paul og John sart.

Prioriter kampane som betyr noko

Mor mi har sikkert gitt meg råd, men dei hugsar eg ikkje. Men, far min sa ein gong at ein må velje sine kampar. Prioriter dei kampane som verkeleg betyr noko – Resten: Let it be

For at eg skulle begripe, brukte han ei gardinlikning:

"Det å krangle med damer om kva farge gardinene skal ha er rett og slett poenglaust. Det er ein kamp du ikkje kan vinne, den er tapt før den startar".

Det forsto sjølv eg var sant.

Oppsida, hevda han, var når ein let filleting, som gardiner, fare så auka sjansen for gehør i dei viktigaste sakene.

Eg trur jordbruket må byrje å prioritere sine kampar og konsentrere seg om dei aller viktigaste.

No raknar strukturen i jordbruket, med ei regjering og eit Storting som vil endevende jordbruksnæringa. Og for ordens skuld; det var knappast betre politikk for ein småbrukar under førre regjering.

Til trass for at Per Olaf Lundteigen eit utal gonger i Stortinget har stava fram at jordbruk er bruk av jord, evnar eller vil ikkje majoriteten av dei folkevalde ta dette inn.

Når dei folkevalde ikkje vil ta tak i utfordringane, må ein satse på at folket tek saka.

Eg trur mange har byrja å forstå at det småskalajordbruket me kjenner står og vaklar.

Jord gror att i bygdene våre, samstundes som me i aukande grad byggjer produksjonsvoluma på importerte fôrråvarer.

Det er målet om å produsere store volum «effektivt og billeg» som rådar blant økonomar og politikarar, noko Brennpunktdokumentaren «[Framtidsbonden](#)» sette søkelyset på. Det er ikkje økonomisk rom for bonden til å sende kyrne på beite eller stølen lengre.

Medan areal går ut av drift, ammekyr og sau gassar seg med kraftfôr og innmarksbeite, fablar regjeringa om at norske bønder må sjå etter eksportmoglegheiter.

Hallo, Regjering? Kom til verda – sjå dykk rundt!

Norsk eksportretta jordbruk er som om Bolivia skulle satse på eksport av fisk! Eksport kan aldri oppretthalde norsk jordbruk, det er landbrukspolitikken som kan gjera det.

Difor trur eg at jordbruksnæringa no må samle seg og velje kva kampar dei vil ta til fulle, og prioritere ned andre.

Rett nok kan det vere saker som er viktig for næringa og den enkelte bonde, men det er likevel ikkje her dei eigentlege utfordringane i jordbruket ligg.

Dømer på slike saker som tek alt for stor plass i det offentlege ordskiftet meiner eg er: rovdyrproblematikken, diskusjonen om eksportsubsidiar, lausdrift eller ikkje, framtida til pelsdyrnæringa, og i Nationen den evinnelege marminga om lammetilskotet.

Dette er alle komplekse saker, men det er likevel ikkje saker som definerer framtida til jordbruket.

På tide å let it be

Nett som du må gi slepp på raude gardiner når dama di vil ha kvite må næringa gi slepp på nokre saker og ta den overordna landbruksdebatten.

Når saksspesifikke saker stadig fortrenge den heilskaplege landbruksdebatten vert det berre avsporingar. Og verre, politikarane slepp å svare for kva jordbruk dei vil me skal ha i Noreg framover.

Skal me framleis ha eit jordbruk i heile landet bygd på lokale jordressursar eller skal me satse på eit intensivt industrilandbruk, med få og store bruk i deler av landet? (Som likevel ikkje kan konkurrere med omverda på pris).

Tida er inne for ei samla næring

Frå bonde via byråkratar til matindustrien tvingar vi politikarane til å byrje å debatter dei eigentlege utfordringane i norsk jordbruk.

Slik som at småskalastrukturen og kombinasjonsbonden vert radert vekk i eit urovekkjande tempo.

Det er sjølvsagt mykje meir behageleg for politikarane å debattere datoen for utbetaling av lammetilskot og talet på gaupeynglingar, enn å måtte forklare folk kvifor dei fører ein politikk som gjer at gras og beite er blitt ei utgift for bøndene, og at småbruka avviklar ad mas.

Landbrukspolitikken er ute av kurs

Produktivitets- og volumtankegongen må rett fram erstattast av naturressursforvaltning og arealtankegong.

Det er faktisk viktigare korleis me produserer maten enn kor mange tonn me produserer.

Høgre og Gundersen [tenkjer heit annleis](#): «Vårt mål for landbrukspolitikken er å øke norsk matproduksjon. Da mener jeg landbrukspolitikken bør handle minst like mye om hva og hvor mye vi produserer som hvordan vi produserer det.»

Det vil bety ei utvikling med færre og større bruk og produksjon med stadig svakare kopling til lokale jordressursar om me vil sitje at med eit par tusen mjølkebaronar, eit land som gror att og eit jordbruk utan legitimitet i befolkninga.

Politiske kampar som no må takast og som kan oppretthalde den høge legitimitet bøndene har i samfunnet, trur eg er:

* Jordbruksarealet er produksjonsfaktoren og verdien. Det er arealet vårt som må styre produksjonsvoluma.

* Det er jordbruksarealet i hevd som til ei kvar tid definerer produksjonspotensialet.

* Import av fôrråvare må vere eit supplement etter at eige fôrgrunnlag er nytta. Kyr og sau bør ete gras og litt kraftfôr. Når dei et kraftfôr bør det vere frå norsk korn. Det gjeld gris og fjørfe også. Alt kveg bør ut å beite i utmarka.

* Færre og større gardsbruk tufta på importerte innsatsfaktorar er ikkje ein farbar veg. Når landet gror att døyrr produksjonsgrunnlaget og omdømmet til norsk jordbruk.

* Det må eit krafttak til for å rekruttere nye bønder inn i næringa, og særskilt kvinner utgjer ein altfor liten del av norsk bønder.

Torbjørn Tufte er prosjektleder i AgriAnalyse.

Norsk Landbrukssamvirke og Nationen samarbeider om landbruksbloggen. [Les flere innlegg her.](#)